Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 5

Tilleggsspørsmålnr.

Emne: Vassbering

Oppskr. av: Teodor Brandstad

(adresse): Øksendal

Fylke: Møre og Romsdal

Herad: Øksendal

Bygdelag:

Gard:

G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

1). Det har vore mykje brūka å bera vatten i trebøttor med "børtre" (eit børtre). Børtreet var ūthola for halsen og for akslane. Børtreet er noko breiare midt på og mykje forseggjordt. Ikkje alle var like gode å bera med. Banda var av jarn — krokane og. Det var børtreband og børtrekrok (eit børtreband - ein børtrekrok) Trebøttor var ålment i brūk kring 1900 talet og ūtover. Dei vart brūka til „vassbering" og til å gjeva krøttera vatn i. Til kjøkkenet var det ei serskild bøtte — „renvassbøtto" (ei bøtt og fl. bøtto b. f. bøttan.) — Desse „trebøttan" vart arbeid mest på kvar gard. Det var „kveldsøttuarbeid" dei kalla. „Kveldsøttu" var tida frå skyminga eller myrkinga tok slutt og til nattvorsleitet.

Etterkvart som folk fikk innlagdt springvatten eller pūmpor vart det meir slutt med vassberinga, elles kom sink-byttor og blikkspann meir i brūk

2). Vassbering i såar har ikkje vore nytta. Vatnet vart bore i byttor og tømt i såen. I fjøset vart han kalla — „būså" (ein būså). Han var stor og kunne taka opp til 12 par ɔ: 24 byttor.

569

Bûsåen var [illegible] etter som bûskapen var stor til

Om vinteren i styggt ver vart det og bore inn vatn til kjökkenet så dei hadde heile döguet. Kaut dei töute i her vart kalla „vass-slampe" (ein stampe).

Det blir brûka börtre til å bera heim mjölk frå sommarfjös og elles når det er lengre vegar noko skal berast.

3.) Den måten hûr eg ikkje har vore nytta

4.) Det var etter som tilhöva var. Til fjöset og i styggt ver måtte det nok karahjelp til. Til kjökkenet bar både kvinnor og barn vatn. — Ein mann som heitte Øven, levde her på Brandstad kring 1800. Han vart det fortald om: Om vinteren, i styggveret var han på låven og tröska. Når han vart löyt av dette arbeidet, bar han vattn frå elva til fjöset men han kvilde seg

5.+.7. For det meste er det vel innlagt springvattn eller pumpor, men enkelte stader, helst på små brûk må dei nok enno bera vatnet. Om vinteren hender det nok at vatnet frys, og da må nok gamlemåtane nyttast.

6. - På dei störste gardane köyrde dei nok vatnet heim om vinteren. Dei brûka da store kassor eller kistor som dei fyllte med vatn og köyrde heim på slede. — Besteimor til kona mi, fortalde om ein dreng på garden Eistad, der ho var född omkring 1830. Denne drengen var så lei til å gå i söwne. Ei natt hadde han stått opp, sele frå öykjen og köyrt etter vatn. Han vakna da han kom heim til fjöset av at det skvatt vatn frå han.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY 569